

UT PÅ TUR I VINDAFJORD 2014

Turkart og informasjon finn ein på www.vindafjord.kommune.no



Bjoa - Gråhorgja 740 m.o.h.

Tilkomst og parkering:

Følg fylkesveg 543 frå Ølensvåg til Innbjoa, ca 15 km utover langs fjorden. Ta av til venstre ved skilt til Dalen.

Vil du gå til Gråhorgja har du to val:

1. start frå Leite; køyr opp bakken på veg mot Dalen, parkering og infotavle på venstre hand.
2. start frå Kolbeinshauglia: Følg veg skilta til Dalen, i andre vegkryss følg veg skilta til Eikås, like før brua i Eikås ta av til venstre og følg skogsbilveg opp til tommervelteplass/parkeringsplass.

Vanskegrad:

Turen til Gråhorgja er så bratt at den må seiast å vera krevjande for barn (raud tur).

Om turen:

1. Til Gråhorgja frå Leite

Frå Leite tar turen ca 2,5 time opp til toppen av Gråhorgja som er 740 m.o.h.

Turløypa byrjar på skogsveg inn til nordre enden av Bjoavatnet, herfrå går løypa vidare på skogveg i nokså bratt stigning. Eit stykke oppe i hogstfeltet tar stien av frå skogvegen og det er merka løype heilt til topps. Husafjell er første flotte utsiktspunkt, men stien vidare opp går i opent terreng med vidt utsyn store delar av turen. Fantastisk utsikt på toppen!

2. Til Gråhorgja frå Kolbeinshauglia

Turen tar ca 1,5 time opp til toppen som er 740 m.o.h. Turløypa byrjar på skogsbilveg i retning søraust, gjennom Ølsdalen, tar av frå denne vidare på 2. skogveg til venstre. Eit stykke opp i skogveg tar merka løype av på sti på høgre side. Sjå etter skilt. Første del av stien går i bratt terreng, når du når over tregrensa blir stigninga slakare og det blir lett og fint å gå. Utsikt undervegs til Dalsbruket og Skrefjellet, sørover til Bukkanibba og Vats.

Andre turar i området

Frå parkeringsplassen på Leite går også merka sti til Hovda. Ein kjapp liten topptur for dei minste. Bord med benker på toppen kor det går an å nyte utsikt til Bjoa-bygda og fjorden. Frå parkeringsplassen i Kolbeinshauglia går skogsbilveg heilt over til Ølensvåg. Denne vegen er fin som turveg med barnevogn. Mange sykklar også denne turen, enten fram og tilbake, eller ned til Vågen og tilbake til Bjoa langs fv 543.



Foto: Ingrid Johannesen

Vikebygd - Dyrskarvatnet 449 m.o.h.

Start: Turen startar på Skartland, 13 km frå Isvik. Turen startar heilt nord i Skartlandsgrenda.

Tidsbruk: Normal gangtid opp til kassen er 2-3 timar.

Vanskegrad: Raud tur

Om turen: Følg løypa mot Såtå, fyrst på ein traktorveg over beitet, vidare bratt gjennom furuskogen opp på Såtå. Her ligg det ein nutakasse du kan skriva deg inn i før du går vidare. Stien vidare går i vekslande terreng gjennom furuskog og over myr til du når Dyrskarvatnet som ligg rett over tregrensa. Kassen ligg på svaberg aust for vatnet. Det er merka løype vidare opp til Trodlanibbå som ligg rett ovanfor Vikebygd sentrum. Turen frå Dyrskarvatnet til Trodlanibbå tek om lag ein time. Her i frå kan du også gå ned til Vikebygd sentrum.



Foto Øyvind Valen

Vats - Tur til Grånuten 531 m.o.h.

Tilkomst og parkering:

Kjør 5 km frå Knapphus mot Nedre Vats til Kårhus v/sjukeheimen og parker her. Her står info.tavle m/kart og opplysningar om turar i Vats og om turane som startar her.

Avstand: 3 km opp til toppen.

Tidsbruk: Om lag 1,5 t å gå opp til varden på Grånuten med vanleg gange og om lag 2t og 15 min tur/retur.

Vanskegrad: Raud tur - familietur. Noko bratt traktorveg i starten. Stien frå traktorvegen har også nokre bratte parti oppover lia.

Terreng: Traktorvegen svingar seg oppover lia 2 km til du tar av ved grind og merka sti vidare gjennom lausveg og litt ulendt terreng før du når tregrensa og får fritt utsyn.

Opplysningar: Du startar med å gå på god traktorveg/bilveg på nordsida av sjukeheimen. Følg skiltinga oppover. Dette er ein fin fjelltur, men kan vera litt krevjande. Oppover traktorvegen er det fin panoramautsikt over bygda. *Hugs bandtvang - beitaude sauer her.* Når du tek av traktorvegen 2 km lenger oppe, går du til venstre gjennom ei grind og vidare opp gjennom lia på litt dårlegare traktorveg 300 m - følg skilt - og så til venstre inn på merka og rydda sti. Her kan du nyta roen mellom trea og lytta til fuglesongen eller få auga på anna liv i terrenget. Oppe på Grånuten er det flott utsikt i fleire retningar. Dersom du vil, kan du herifrå gå vidare til Fuglen og ned Haukadalen til E 134 ved Krakk. Det er skilt og merkepinnar heile vegen.



Foto Jon Olav Velde

Skjold - Vassnuten 461 m.o.h.

Parkering:

Alternativ 1: Parkering på tilvist plass, rett før tunet på garden Tveit, eigar Kristian Voll. Frå Solheimskrysset på E134 retning Ølen køyrer einca 800 m. Ta av til venstre frå E134 ved reklame-skilt "MECA" og følg vegen til høyre oppover.

Alternativ 2: Parkering ved Bjordalstunet og gå turen derifrå. Køyr av E134 i Isvik, retning Vikebygd og følg skilting til Bjordal. **NB! P-avgift.**

Tidsbruk: ca 2 timar t/r ved begge alternativa. Vel du Vassnuten rundt ca 3 timar t/r.

Vanskegrad: Blå tur.

Terreng: Traktorveg 1/3 av vegen, deretter sti mot toppen. Deler av stien er noko myrlendt. Stort sett ope landskap. Ha på godt fotføy.

Opplysningar:

Alt. 1. Følg merka traktorveg nedanfor første hus. Noko bratt i begynninga som flater ut eit stykke før sti. Det står eit rastebord der vegen flatar ut. Ved skilt tar ein av mot høgre og følgjer merka sti mot toppen. Turkassen ligg yttarst på toppen mot vest. Flott utsikt! Ein kan sjå ned til Longåsdaalen og Bjordal.

Alt. 2. Følg traktorveg innover mot Longåsdaalen. Ca 100 m før Longåsdaalsvatn, tek du til høgre ved skilt "Vassnuten rundt". Følg denne traktorvegen eit godt stykke til skilting mot Vassnuten. Ved Longåsdaalvatnet etter ca 500 m av denne traktorvegen, vil du finne rastebord. Ved skilt tar du til venstre, og går vidare på merka sti mot toppen. Turkassen ligg yttarst på toppen mot vest. Flott utsikt! Ein kan sjå ned til Longåsdaalen og Bjordal.

Vassnuten rundt: Vi tar utgangspunkt i å gå til Vassnuten først. Etter toppturen til Vassnuten, følgjer ein skilta tur vidare til Longåsdaalen. Noko myrlendt den første delen. Nedstigninga mot Longåsdaalen er bratt, med fin sti. Når ein kjem ned, følgjer ein traktorvegen til venstre. Etter ca 5-600 m, kjem ein til Longåsdaalshytta. Her er turkasse og rastebord. Turen går vidare på traktorveg langs Longåsdaalsvatnet. Heilt i enden står eit rastebord. Ca 100 m etter rastebord må ein velje rett traktorveg tilbake til parkering. Anten mot garden Tveit i Skjold eller ned mot Bjordal. Ein kan gå turen i motsett retning. Husk bandtvang og å lukke grinder.



Foto Siri Nonsild

Vikedal - Bjørnstigen 320 m.o.h.

Tilkomst: Frå Vikedal sentrum tek du av til Roaldkvam. Følg skilta 15,1 km til enden av Fjellgardsvatnet. Køyr over brua her inne og ta til høgre ved skilt.

Parkering: Det er god plass her på høgre sida av vegen. Infotavla står her.

Avstand til målet: Det er vel 2 km fram til Bjørnstigen og turen tar ca 2 timar tur/retur. Følg traktorvegen oppover. Nesten framme tek du til venstre ved skilt. Her går turen over i sti.




Foto Nils Bakkedal

Vanskegrad: Grøn tur med grei traktorveg nesten heilt fram.

Om turen: Bjørnstigen er eit ynda mål pga sin fine utsikt og unike historie. Første del av turen er lett og du får Grunnavatnet på høgre hand. Her er gode fiskemoglegheiter og du vil finna ei perle av ein plass for bading i nedre del av vatnet. På veg oppover får du fin utsikt over Fjellgardsvatnet med rasteplass. Husmannsplassen Bjørnstigen under Roaldkvam, (no Ørekjerven), ligg tett innunder høge berg og her har folk heilt frå 1600 talet og fram til 1906 slite og strevd for føda. Huset brann ned på 1700 talet og då budde folka i ei hule oppe i ura (Madsa-stova), medan dei bygde nytt hus. Huset vart flytta ned til Ørnes i 1908, vart reve i 1989 lagra og restaurert og flytta tilbake att av eldsjeler i bygda i samarbeid med Mo skule og Falken 4H, eit stort prosjekt. Huset står på dei gamle murane, eldhus er restaurert og murane syner at fjosen var bygd saman med stovehuset. Steinhellene der kyrne stod ligg der den dag i dag. Returen kan gjerast inn til Botnavatnet. Ta til høgre over Sorelva, via Sjurstølen og heim, (5-6 timar). Ein kan og ta til venstre i Prestabotn og gå mot Etne (Kritle), under Bjørndalsvia. Til Sauda via Nore Bjørndalen eller til Tysseiland via Sore Bjørndalen.

Fotføy: Vanlege tette sko. Fjellsko om du tek turen vidare frå Bjørnstigen

Imsland - Rindanuten 480 m.o.h.

Tilkomst og parkering: I Imsland sentrum, følg skilt til camping. Etter ca 2 km, like før camping, avkjørsel til bomveg. Kjør opp til god parkering/opplagsplass. Stopp ved bommen.

NB! P - avgift.

Avstand til målet: Ein flott familie tur på ca 1.5 time.

Vanskegrad: Blå

Om turen: Følg traktorvei oppover eit lite stykke. Turen vidare går langs ein bekk, litt kratt. Deretter lett kupert terreng innover og mot toppen. Fantastisk utsikt over Vindafjorden/Krossfjorden og heile Ølmedal



Sandeid - Lysenuten 812 m.o.h.

Frå Sandeid: Køyr mot Vikedal og ta til venstre opp i bustadfeltet (Østbøfeltet) ca 1 km etter Shell Stasjon, køyr andre vegen til høgre og til enden av denne (toppen av feltet). Her er oppslagstavle og skilt om parkering.

Parkering: Parker langs vegen der den er brei nok

- NB: pass på at du ikkje hindrar private utkøyringar i området.

Avstand til målet: Lysenuten Ca 2 til 2.5 timar ein veg (Utsiktspunkt med benk ca 30 til 45 minutt.)

Vanskegrad: Raud

Terreng: Første delen er fin sti gjennom skog opp til utsiktspunkt, herifrå noko myrlendt før grei sti opp gjennom skaret og fram til nuten.

Anna: Lysenuten er 812 meter høg og med det eit svært godt utsiktspunkt. Var etter andre verdskrig i mange år base for ein større radarstasjon. Er i dag eit viktig punkt for kommunikasjonsutstyr.



Foto Vindafjord kommune

Om turen: Frå toppen av Østbøfeltet Er det god sti heilt opp til toppen av Lysenuten. Starten kan vera litt vanskeleg å finna

men følg skilt. Gå opp langs utsprengt kanal og ta over bru. Stien går no bratt opp gjennom skogsterreng. Det flatar så ut i det ein kjem opp til utsiktspunkt med benk. Etter eit kort stykke gjennom fuktig myrlendt terreng går stien bratt opp gjennom skaret og til toppen. Det er mykje stigning og turen må av denne grunn reknast som hard men utsikten frå toppen gjer at strevet raskt vert gloymt. På klare dagar har ein ei fantastisk utsikt frå toppen, der ein kan sjå til Stavanger i sør, Stord i nord, Folgefonna i aust og Utsira i vest.

Ølen - Olalia 467 m.o.h.

Tilkomst og parkering: E-134 frå Ølen til Opheim. Pareringsplass på fjellet ved Opheim. Avgift.

Avstand: Omlag 5 km ein veg

Tidsbruk: Til fots, omlag 3 t/r + pausar. Mindre med sykkel.

Vanskegrad: Grøn tur

Om turen: Haugesund Turistforening eig Olalihytta. Ny hytte og ny turveg opnar sommaren 2014. Nå kan du koma inn til hytta med sykkel, barnevogn og rullestol (krev rullestol med gode terreng eigenskapar) Det er lett terreng. Hytta ligg omlag 100 m høgare enn parkeringsplassen. Litt stigning opp til det vesle vatnet "Tosko". Ved "Tosko" er du omlag halvvegs og terrenget endrar seg frå skog til opent lende. Vegen går forbi "Ongelsvatnet", og det siste stykket inn til hytta er stort sett nedoverbakke. Du kan overnatte på hytta. Meir info www.ut.no



Foto Torbjørn Ruud

Frå hytta og tilbake til parkeringsplassen finst det fleire alternativ. Du kan gå om Staurskar/ Steinsfjellet. Her ser du m.a. Siggjo, Stovegolvet, Melderskin, Folgefonna, Ingebørnuten, Hustveitsåta i klarvær. Frå Røde kors hytta kan du gå om Keisarholli og Skukkane..

Fottøy: Joggesko, støvlar eller fjellsko

Ølensvåg

Bukkanibbo på Lempedalsfjellet 558 m.o.h.

Tilkomst og parkering: Ta av E-134 og køyr omlag 300 m på R-543 mot Bjoa og parker på «busslomme» ved gamleskulen. Følg turskilt mot Dueland. Turen kan og starta frå Bjoa med utgangspunkt i skogsvegen til Kolbeinshauglio som startar ved Eikåsbrua.

Om turen: Frå parkeringa går ein først på bilveg til Dueland, vidare på skogsveg til Brurasteinen der ein tar av mot vest og

går resten av turen på sti. Den gamle stien er dårleg og går i nokså vått terreng. Det er difor merka ein ny trase som er lagt over turrare parti. Likevel går stien stykkevis over myr og fuktige parti. Toppen ligg såpass høgt og fritt at ein har flott utsikt til mange bygder, mellom anna: Ølen, Vats, Stord, Tysnes og eit lite glimt av Sveio.

Avstand til målet: Heile turen er om lag 9 km (tur/retur). Tidsforbruk vil vera omlag 3 timar varierende etter beinlengde og eventuell trang til å undersøkje dyre- og plantelivet på turen.

Vanskegrad: Raud tur som er middels krevjande.

Foto Lars Dalen



7 tilrettelagde turar

- for alle, men her kan ein og gå med barnevogn, sykle og bruke rullestol

Sandeid - Sentrum via Helgevoll

Tilkomst og parkeing: Ein kan starte turen enten ved Sandeid kyrkje/samfunnshus - oppslagstavle ved parkeringsplass, eller ved Haugesund Sparebank/teknisk bygg Vindafjord kommune i sentrum av Sandeid. God parkering begge stader.

Avstand til målet: Rundtur ca 3 km.

Vanskegrad: Grøn tur

Terreng: Deler av turstien er grus. Sentrumsnært område med lite bakkar.

Anna: Det er moglege å ta ein avstikker opp til det nye Rødne kraftverk litt høgare oppe ved elva eller om Liä (sti).

Om turen: Dersom ein startar ved kyrkja nytta ein gangfeltet langs riksvegen ned mot sentrum til avkøyringa for Haugesund Sparebank/teknisk bygg Vindafjord kommune og Nortura. Stien går vidare på gardsveg opp til ein nær Rødneelva og så på traktorveg/tursti langs elva opp til Helgevoll (Rødnebrua). Turen går så attende til utgangspunktet via bilveg for Helgeland/Fjellstøl



Foto: Gro Heggebo

Skjold - Rundtur i sentrum

(Vikaneset, Skjoldavik, Isvik, Hagebyen, kykja)

Tilkomst og parkering: Ta av frå E-134 ved skilt til Vikaneset. Parker på første parkering på høgre side.

Avstand: ca 3,5 km

Tidsbruk: ca 1 time

Vanskegrad: Grøn tur.

Historie: Litt historie om «Skjolddevik molybdængrupe», gruve-

drift ca 1916- talet i ytre del av Skjoldavik. Her står turkassen. **Terreng:** Ein del flate partier, men og nokre bakkar. Gong- og sykkelsti, fortau og ferdsel langs veg. Asfalt på heile turen. NB: langs E134 er det for tida vegarbeid.



Foto Siri Nonslid

Opplysningar:

Start og mål på Vikaneset. Ein går ned til hovudvegen, kryssar denne og følgjer gong- og sykkelsti nedover mot kyrkja. Hald til venstre ned mot Skjoldavik under brua. Følg vegen gjennom Skjoldavik, kor ein kan sjå gamal og ny busetnad. Flott utsikt mot Skjoldafjorden. I ytre del av Skjoldavik står turkassen på nedsida av vegen ved ein grå garasje. Der finn ein og litt historie om dette området. Ein går vidare mot Isvik, kor ein passerer «Lennemannsgarden» på oppsida av vegen. På nedsida av vegen står rastebord ved sjøen. Etter brua tek ein mot høgre retning Vikebygd. Her må ein kryssa vegen eit lite stykke, grunna fortau. Ved «Skjold Trevare» kryssar ein vegen tilbake og fortsat til skilt på høgre side mot Isvik hageby. Her følgjer ein gong- og sykkelstien oppover og gjennom Isvik hageby 1 og 2 heilt til den sluttar. Vidare langs vegen beint fram. Snart svingar vegen til høgre og ein kjem til Isvik hageby 3. Her kan ein velje å gå gjennom/rundt feltet på tre ulike vegar. Første vegen tek til venstre ganske straks, medan ein kan gå vidare nedover og finne endå to alternativ. I alle høve kjem ein til gong- og sykkelstien, noko bratt, ned til kyrkja. Ein tur bort til Isvik hageby 4 kan me også tilrå. Dit kjem ein ved å ta av til høgre ved leikeplassen. Ved kyrkja går vegen rundt denne og opp til parkeringa på Vikaneset igjen. Ein kan og gå turen motsett veg. Turen er merka på enkelte skilt og lyktestolpar.

Ølen - Tur rundt sentrum

Parkering: Bak Ølen kulturhus ved Ølen Båtlag sin molo. Oppslag om turen på veggen til Revehallen. Gamal utstillingshall for pelsdyr - hest og småfe.

Avstand til målet: Rundtur ca. 3,5 km. Tid ca. 1,5 t

Vanskeleggrad: Familietur. Eigna for sykkel, barnevogn og eventuelt rullestol. Deler av turstien er grus.



Foto: Mali Hjemdal

Terreng: Sentrumsnært område med litt bratte bakker opp til flaten, der det er god utsikt utover Ølensfjorden

Om turen: Turen starter frå Revehallen mot Osen/Oselva.. (På vestsida av elva går det ein tursti i ulent terreng, for dei meir spreke) Gå opp Osabrekko som er noko bratt. Når du kjem til veggen som går til Øvrehagen ta til høgre ned til Steinbru. Studer brua som er den eldste steinkvelvingsbrua i Ølen. Eit kunstverk. Vidare går turen opp til Fatland Slakteri over E-134 opp mot gardane på Eide. Her er det god utsikt. Ved poststativet til Eide Gard står postkassa plassert. (Eide Gard - kultur og tradisjon i gamalt gardstun, tildelt Olavsrosa). Følg grusvegen til riksveg 514. Gå over veggen. (Her kan ein ta ein ekstra tur bort til Nerheimstunet, bygdetun frå 1859). Denne turen går vidare ned postvegen lags elva som kjem frå Stumo. Her kan ein sjå gamle vegskilt. Turen går deretter gjennom det historiske sentrum av Ølen. Ein fin plass å ta kaffipause er i Joa-Kari Parken i sentrum.

Ølen - Olalia 467 m.o.h.

Tilkomst og parkering: E-134 frå Ølen til Opheim. Parkeingsplass på fjellet ved Opheim. Avgift.

Avstand: Omlag 5 km ein veg

Tidsbruk: Til fots, omlag 3 1/2 t + pausar. Mindre med sykkel.

Vanskegrad: Grøn tur

Om turen: Haugesund Turistforening eig Olalihytta. Ny hytte og ny turveg opnar sommaren 2014. Nå kan du koma inn til hytta med sykkel, barnevogn og rullestol (krev rullestol med gode terreng eigenskapar) Det er lett terreng. Hytta ligg omlag 100 m høgare enn parkeringsplassen. Litt stigning opp til det vesle vatnet "Tosko". Ved "Tosko" er du omlag halvvegs og terrenget endrar seg frå skog til opent lende. Veggen går forbi "Ongelsvatnet", og det siste stykket inn til hytta er stort sett nedoverbakke. Du kan overnatte på hytta. Meir info www.ut.no Frå hytta og tilbake til parkeringsplassen finst det fleire alternativ. Du kan gå om Stauskar/ Steinsfjellet. Her ser du m.a. Siggjo, Stovegolvet, Melderskin, Folgefonna, Ingebønuten, Hustveitsåta i klarvær. Frå Røde kors hytta kan du gå om Keisarholli og Skukkane..

Fottøy: Joggesko, støvlar eller fjellsko



Foto Knut-Arild Sørensen, Friluftsrådet Vest

Vikebygd - Rundtur rundt nullen

Tilkomst og parkering: Parkering ved Bygdahuset som ligg ved idrettsanlegget nord i bygda.

Om turen: Ein startar med å gå over på vestsida av veggen, følgjer sykkelstien 100 meter og tek av inn mot barnehagen og skulen. Gå inn porten til barnehagen og fortset forbi skulen. Ta gjerne ein pause og prøv dei unike styrketreningsapparata i treningsparken på nedsida av skulen. Fortset så ned bakken på sykkelstien, forbi trygebustadene og ned til Plassabakeriet. Helgene sommardag vil du kunne ta deg ein matbit her. Fortset langs sjøen bort til småbåthamna. Her finn du turkassen. Dette er ein flott plass å ta pause eller ta eit bad på stranda. Etterpå går ein opp forbi kyrkja til hovudvegen, går denne nordover og går inn på sykkelstien igjen oppe ved butikken. Følg sykkelstien tilbake til Bygdahuset.



Foto Vindafjord kommune

Bjoa - Baslia

Tilkomst og parkering: Ta av frå E134 i Ølensvåg og følg fylkesveg 543 mot Bjoa. Etter ca 15km ta av til venstre i vegkryss skilta til Dalen. Følg kommunal veg, ved Bjoavatnet, ta til høgre i vegkryss skilta til Dalsbruket, etter ca 1km sjå etter skilt for parkering og tursti.

Avstand til målet: Rundtur på ca 4,5km (ca 1,5 - 2 timar)

Vanskeleggrad: Familietur med litt utfordringar(blå tur), men tar ein berre delar av turen som går på skogsveg er turen lett (grøn tur)



Foto: Jofrid Johannessen Vølstad

Om turen: Start frå vegen til Dalsbruket, her er og informasjonstavle om turen. Turen på skogsvegen inn til Baslia er ein flott familietur som både kan syklast og køyrast med barnevogn. Her er lite stigning gjennom skog, ca 2 km inn til garden Baslia. I enden av skogsveg v/tømmervelteplass er bord m/ benker. Du kan også velge ein litt meir utfordrande trasé inn til garden Baslia, då tar du av frå skogsvegen ved skilt til Kistedalstjørna. Først går turen på skogsveg, men ta av frå den etter 350m. Følg merka sti vidare opp til tjørna, langs vasskanten på venstre side opp til utsiktspunkt på Baslifjellet. Herfrå kan du sjå Dalselva, slik ho buktar seg veg nedover til Ålfjorden og du ser store skogsområde med Skrenuten mot sør. Følg deretter merka sti ned til garden og skogsvegen. Ved enden av skogsveg/tømmervelteplass kan du ta vidare på sti ned til elva, og følgje den oppover, for så å komme tilbake til skogsveg og følgje denne attende til parkering.

Imsland - Ølmedal rundt

Tilkomst og parkering:

Kjør til Imsland og parker ved bygdahuset.

Avstand: 7 km rundt vatnet.

Tidsbruk: Om lag 1,5 - 2 timar i roleg turfart (rask gange 1 time)

Vanskeleggrad: Grøn tur

Om turen: Turen går rundt Ølmedalsvatnet på asfalt. Lett kupert. Fin tur i flotte omgivelser. Postkassen finn du i enden av vatnet, ved brua.



Foto Ola Skipevåg



Felles informasjon

9 turar

Inni brosjyra finn ein informasjon om 9 ulike turmål i Vindafjord kommune. Dersom ein går alle desse turane i perioden 13.04.14 – 12.10.14 er ein med i trekninga av gåvekort á kr.2 500 kr. På kvar topp finn ein postkasse med eit kodeord og ei bok til å skrive namn i. Noter kodeord på tilvist plass – kodeorda vil til slutt bli ei setning. Når ein har alle orda på plass, send inn brosjyren til Vindafjord kommune, Rådhuset, 5580 Ølen, innan 20.10.2014

7 turar

I tillegg er det lagt til rette 7 lettare turar for alle, også for barnevognar, sykkel, rullestolbrukarar og rørslehemma. Her er det også sett opp postkassar med kodeord og ei bok til å skrive namn i. Her er nok å ha samla 5 av 7 ord for å være med i trekninga. Ved innlevering av brosjyre er ein med i trekning av gåvekort. Same opplegg som for dei 9 andre turane.

TellTur

Nå kan du og registrera turane dine elektronisk, enten med SMS eller direkte på nettet, og vera med i konkurranse om å nå flest turmål over heile Haugalandet. Opprett din eigen brukar på nettportalen TellTur (www.telltur.no), finn nye turmål og registrer turane dine. Her kan du halda oversikt over turane og poenga dine og konkurrere med deg sjølv og andre om fine premiar. Meir info på TellTur!

Kart og info om turane

Informasjon og turkart finn du på kommunen sine heimesider: www.vindafjord.kommune.no/planarbeid-og-kart/turkart/

Fargekodar for kor hard turen er

Svart : Krevjande

Rød: Hard

Blå: Middels

Grøn: Lett (enkelte er også tilrettelagt for sykkel, barnevogn og rullestol).

Meir info om dette finn du på internettsida til kommunen

Ut På Tur i Vindafjord vart støtta av:



KODEORD (7 TURAR)

SANDEID - SENTRUM VIA HELGEVOLL:

SKJOLD - RUNDTUR I SENTRUM:

ØLEN - TUR RUNDT SENTRUM:

ØLEN - OLALIA:

VIKEBYGD - RUNDTUR RUNDT NULLEN:

BJOA - BASLIA:

IMSLAND - ØLMEDAL RUNDT:

Namn: _____

Adresse: _____

Poststed: _____

Telefon: _____

Alder: Under 15 år Over 15 år

KODEORD (9 TURAR)

BJOA - GRÅHORGJA:

VIKEBYGD - DYRSKARVATNET:

VATS - GRÅNUTEN:

SKJOLD - VASSNUTEN:

VIKEDAL - BJØRNSTIGEN:

IMSLAND - RINDANUTEN:

SANDEID - LYSENUTEN:

ØLEN - OLALIA:

ØLENSVÅG - BUKKANIBBO:

Namn: _____

Adresse: _____

Poststed: _____

Telefon: _____

Alder: Under 15 år Over 15 år

